

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 17.03.22

Stad: Fjordsenteret

Sak 8/22.

Søknad frå skyttarlaga Blåfjell og Undredal om jakthelg i Nordheimsdalen, tildelt etter trekning mellom deltagarar i jaktkarusell

Saksopplysing:

Aurland fjellstyre har i ei årrekke tildelt Aurland og Stålring skyttarlag eit fellingsløyve for villrein til trekking mellom dei som deltek i jaktkarusellen. For tida er det lite fellingsløyve på villrein og endå mindre vil det bli om nokre år når ein skal til med reetablering i sone 1. Blåfjell og Undredal skyttarlag har og lyst til å stimulera til meir trening på skytebanen, og søker no om ei jakthelg i Nordheimsdalen på hjortejakt for fire personar.

Saksutgreiing:

Det er viktig å trena på skytebana før ein går på jakt, dette har Aurland fjellstyre lagt til rette for i mange år på banane til Aurland og Stålring skyttarlag. Eit slikt positivt forslag frå skytterlaga i utbygdi og Underdal bør me støtta opp om.

Begge skytterlaga søker i lag om ei helg på hjortejakt i Nordheimsdalen for 4 personar. Me har trekt rekkefylgja på dei som søker dagskortjakt i Nordheimsdalen, det mest praktiske er å gjere det på same måten med dette jaktlaget. Perioden me har opna for dagskortjakt er frå 1. november og ut jaktpersonen.

Forslag til vedtak:

Aurland fjellstyre ser positivt på søknad frå Blåfjell og Undredal skyttarlag om dagskort for fire personar ei helg i Nordheimsdalen etter 1. november, tildelt etter trekning mellom deltagarar i jaktkarusell.

Aurland 10. mars 2022

Håkon Øydvin
Fjelloppsyn Aurland fjellstyre

Aurland fjellstyre

Blåfjell skyttarlag og Undredal skytterlag

Aurland 01.03.22

Søknad til Aurland Fjellstyre dagskort for fire personar i Nordheimsdalen ei helg hausten 2022

Blåfjell skyttarlag har teke opp samarbeid med Undredal skyttarlag på styremøte i januar. Brev vart sendt 01.02.22 til Undredal skyttarlag om ynskje å samarbeide. I dag snakka eg med leiaren i Undredal skytterlag og kom med tilbakemelding at dei ynskjer samarbeid. Han vart einige i utkastet av 24.02.22. Difor søker begge skyttarlaga om dagskort for fire personar ei helg i Nordheimsdalen.

Ein av sakane som er aktuell er:

1. Samarbeid om ein ny jaktkarusell

- Aurland, Stålring og AJF har hatt samarbeid om jaktkarusell i fleire år no. Trekking av eit reinsdyrløyve. Her er svært mange jegare med på. 2021 var det 9/10 løyve som fjellstyret skulle dele ut. Jaktkarusellen fekk tildelt eit kalveløyve i 2021. Tidlegare var Blåfjell med på jaktkarusellen fekk eg opplyst i styremøte.
- Styret var samde at det vil vera uheldig å prøve å konkurere om dei få reinsdyrløyva som vil vera i 2022. Kan også skape misnøye. Styret kom fram til at hjorteløyve ei helg i Nordheimsdalen for fire personar bør vera ein fristande premie.
Reint praktisk so kan det gjerast med eit visst antal skytingar pr skytebane og må vera med på viss mange.
- Det er eit ynskje om å få meir aktivitet i laga. Også stor fordel for jegarane at det vert skote meir før jakta

Undredal skyttarlag Blåfjell skyttarlag

Tormod Underdal
Ved leiar

Arvid Gilje
Ved leiar